



# Overvaking av slåttemarka i Gjuvslandslia

- variasjonar og endringar

Mary Holmedal Losvik

*På ein av teigane i Gjuvslandslia i Kvinnherad finn vi den mest artsrike slåttemarka i Hordaland, landskapsvernområdet som i 2008 blei peika ut som Hordaland sitt første utvalde kulturlandskap. Det er difor viktig å halde auge med endringa og variasjon i plantelivet her og sjå til at alle artene har tilhøve som dei trivst med.*

I 2010 dokumenterte vi variasjonen i slåttemarka gjennom sesongen som resultat av endring i drifta over tid. I prosjektet er det nytta fotografi som metode til å avdekke mogelege endringar i tilstanden og til å dokumentere variasjonane. I 2010 blei fjorten område på slåttemarka fotografert 6 gonger med ca ein månads mellomrom. Fem bilete frå kvart av områda 2, 4, 7, 9, 13 og 14, er viste i figur 2 a - f.

Prosjektet blei leia av Mary Holmedal Losvik med Beate Helle som fotograf og Solfrid Hjelmtveit som feltassistent.

Den delen av Gjuvslandslia som framleis er i bruk som slåttemark, strekkjer seg frå strandberga og opp til ei bratt fjellside øvst i lia, med ein høgdeforskjell på vel 100 meter. På teigen finst det vasskjelder midtvegs oppe i lia og sig som kjem ned frå desse, eit par stader med smale veiter nedst (sjå områda 4 og 7). Dei talrike rydningsrøysene

(til dømes på område 14) stammer frå den tida då beitemarka på staden blei rydda for stein slik at den lettare kunne nyttast til slåttemark. Eit skogholt med gråor (område 7) vernar marka på staden mot steinsprang. Det er både utløe og naust på teigen. Gamle rotekte plommetre står att etter ein periode med plommeproduksjon (sjå til dømes område 13). Dei laga fruktkassane sjølv på eige sagbruk ved Gjuvslandselva, og sende plommene med båt til Bergen frå eigen kai. Mange tonn bar frå barlinder blei også hausta og selt som pyntegrønt til Berle i Bergen. Alle bartre på bileta er slike barlinder.

Tilhøva for jordbruk er gode i lia med mykje sol i den søraustvende skråninga og med eit naturleg mineralrikt jordsmonn. Gamle dagars tradisjonelle driftsformer der bratte, grunnlendte areal ikkje blei gjødsla, men blei beita godt ned vår og haust og slått seint, var avgjeran-

de for utviklinga av det rike mangfaldet av arter i desse slåttemarkene. Før 1990 beita 20 sauer her om våren i mai og om hausten<sup>1</sup>. Etter 1990 minka talet på sauer grunna mellom anna sjukdomar, men er no i ferd med å auke att. Plantelivet høyrer til typen jordnøttslåttemark som i dag er akutt trua<sup>2</sup>. Talet på sårbare kulturlandskapsarter er særleg høgt. Døme på arter som i dag er dramatisk redusert i utbreiing og mengd grunna gjengroing, gjødsling eller nedbygging er vist i figur 1a og 1b.

## Kva syner bileta?

### April og mai

I april var det lite av grøne planter å sjå, men i mai var bakkane grøne med løvetann og kusymre her og der, i tillegg til meir sjeldsynte arter som musekløver og steinstorkenebb. Kampen for tilværet var begynt, nokre av grasa vaks raskt og gjorde det







■ Fig. 1.a





■ Fig. 1b





■ Figurane 2 a- f syner seks område, kvar representerte av foto tatt på fem ulike datoer. Fig. 2a syner område 2.





■ Fig. 2b, område 4.





■ Fig. 2c. Område 7.





skumt og trøngt for små og spinkle urter. Men på den tida kom sauene på beite i lia. Dei tok for seg av gras som raudsvingel og storvaksne planter som då var mjuke og gode. Derfor kunne spinklare planter overleve innimellom også denne våren. Sauene spreidde under beitet også gjødsla si jamt over marka før dei blei førte til andre beitemarker i fjella inne på øya i byrjinga av juni.

### Juni og juli

Frå tidleg i juni då beitet tok slutt og til august vaks plantene, blømde i ymse fargar og frøa seg til slåttemarka til sist vart brungul over det heile. Urter var dominerande mange stader (sjå 2.august), andre stader var grasa alt blitt så høge at dei dominerte vegetasjonen. Årsaka til dette kan vera lågt beitetrykk tidlig om våren i tida etter 1990. Dei 20 sauene var nok et høveleg tal for at slåttemarka skulle bli godt nedbeita dei par vekene vår og haust. God nedbeiting held særleg aggressive gras og urter som løvetann, nede. Ved låg beiteintensitet blir areala ujamt beita, sauene vel ut dei mest urterike områda og beitar mest der, slik at høge gras og andre kraftige planter får sers gode tilhøve på dei svakare beita areala, (sjå områda 9 og 14, 2.august). Har ein ikkje tilgang til mange nok dyr, må beitetida ta til tidlegare i mai om våren og med ein gong sauene kjem frå fjellet om hausten.

### August

Seint i juli eller i august kjem slåtten, med raking og turking av gras. Turrhøyet blir lagra i utløa. Plantene toler slåtten godt, fleirårige arter sto att med sterke røter og

småblad, sein slått gjorde at dei fleste frøa alt hadde mogna og var falle av både dei fleirårige og dei eittårige plantene. Frøa vil spire om hausten eller neste vår. Slåtten tar bort meir bladmasse frå høgvaksne planter enn frå låge, og er med på å jamne ut tilhøva når det gjeld ljøs og plass for plantene i slåttemarka. Alle småplanter har god nytte av ljøset som når marka etter slåtten, og arter som følblom og kystgrisøyre kan blomstre på ny i dei ljøsopne bakkane. Dei fleste artene i denne slåttemarka har mange individ, og dersom nokre døyr ut på grunnlendte stader i turke, kan dei som veks på fuktige stader spreie seg og ta deira plass etter kvart<sup>3</sup>. Dette året vart noko av arealet slått i august, men så kom det regn i lang tid, slik at resten først blei slått og turka i september.

### September

Sauene kjem att frå fjellet frå slutten av september og gneg i seg endå litt av dei kraftigaste plantene, jamnar ut så alle får plass og ljøs, gjødselar litt med det same. Dersom beitet blir for svakt, med lite trakking, kan mosen trivast for godt i slåttemarka, og vil kan hende hindre spiring og skugge ut små planter<sup>4</sup>. Ei artsrik slåttemark toler ikkje gjødsling utover det som kjem med beitet. Kunstgjødsel, ekstra husdyrgjødsel og gras som blir liggande att og rotne (grøngjødsling) gjev planter som kan bli kraftige ein stor føremon i høve til små og spinkle planter som ikkje har den eigenskapen at dei kan bli store. Slik blir mangfaldet av arter totalt sett mykje lågare ved ekstra gjødsling.

### Gamle driftsmåtar reddar artsrike slåttemarker

Bruken av kunstgjødsel i landbruket er berre eit par hundre år her i landet. Før den kom, blei all vintergjødsel brukt på åkrane, og slåttemarkene blei ikkje gjødsla anna enn ved tilfeldig tilsig frå åker eller motting. Jorda var derfor som regel fattig på nitrogen, fosfor og kalium. Dei låge, spinkle plantene som trivst i næringsfattig jord tok til med å etablere seg i open beitemark for 5-6000 år sidan her i landet. For meir enn 1000 år sidan blei det vanleg å hauste graset på sjølvdreneret jord med ljå. Beitedyra måtte haldast unna, og då kunne også planter som trøng å vekse og mogne frø om sommaren, etablere seg i slåttemarkene.

Så lenge gamle, tradisjonelle driftsmåtar blir brukt, utan ekstra gjødsling, med god nedbeiting vår og haust og sein slått, har slåttemarkene stor motstandskraft mot varige endringar. Tørre og våte år, lav beiteintensitet i kortare periodar og ekstra sein slått eller ingen slått i det heile eitt år eller to, kan få talet av individ til å minke, men det tar seg opp att innan kort tid når tilhøva blir betre. Med tida har talet av arter som kunne leve i slåttemarkene auka, til dei i dag er den naturtypen i Europa som har flest arter av høgare planter pr. kvadratmeter.

### Tap av motstandskraft

Ekstra gjødsling med vintergjødsel, kunstgjødsel eller grøngjødsling, manglande eller altfor svakt beite og gjengroing, kan kvar for seg føre til dramatiske og ubotelege endringar i slåttemarkene, slik at alle sårbare og truga arter forsvinn etter





■ Fig. 2d, område 9.







■ Fig. 2e, område 13.





■ Fig. 2f, område 14.





kort tid<sup>5</sup>. Ja, slike endringar og nedlegging av jordbruksdrifta er nettopp hovudårsaker til at så mange slåttemarksarter er sårbare og truga i dag. Sjølv om ein tar til med dei gamle, tradisjonelle driftsformene etter nokre år, er dei fleste truga arter borte for godt. Jorda er blitt for næringsrik, av di planter som visnar i staden for å bli hausta blir til gjødsel på staden. Slåttemarksartene dør deretter ut av mangel på ljøs, og skogsarter tar over.

I åra framover er det difor sers viktig å passe på at slåttemarka i Gjuvslandslia og andre stader blir godt nedbeita i mai og om hausten. Dominansen av høge gras som vi ser døme på i områda 9 og 14 på foto tatt 2. august, tyder på at beiteintensiteten er for låg slik at ikkje heile slåttemarka blir godt nedbeita. Når grasa dominerer alt tidleg i august kan dei føre til svekking og utskugging av låge, spinkle planter og til ubotelig nedgang i artsmangfaldet i slåttemarka.

## Noter

1. Losvik, M.H.1982. Intervju med Anders A. Gjuvsland (Teig170/5), 5.oktober. Etnofolkloristisk inst. UiB.
2. Fremstad, E. & Moen, A. 2001: Trua vegetasjonstypar i Noreg. s. 68-98. Vitenskapsmuseet, NTNU. Rapport botanisk serie 2001-4.
3. Losvik, M. H. 2000. The effect of an increasing tree canopy on hay meadow vegetation in south-west Norway. *Norw. J. Geogr.* 54: 65-73.
4. Losvik, M. H. 2006. Thick moss layers and high cover of grasses: Potential threats to herb diversity in hay meadows in Norway. *Norw. J. Geogr.* 60: 312-316.
5. Losvik, M. H. 1999. Plant species diversity in an old, traditionally managed hay meadow compared to abandoned hay meadows. *Nord. J. Bot.* 19 (5):473-487.
6. Fylkesmannen i Hordaland 2008. Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Hordaland fylkeskommune og Universitetet i Bergen. Gjuvslandslia. Forvaltningsplan (del I).

## Gjuvslandslia

I 2000 blei Gjuvslandslia landskapsvernområde oppretta med plantelivsfreding av barlind og kristtorn som formål. I verneområdet ligg ei artsrik slåttemark som kom på lista for Nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap i 1993. I 2008 peika eit nasjonalt sekretariat, danna av Statens Landbruksforvaltning, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren, ut Gjuvslandslia på Varaldsøy i Kvinnherad som Hordaland sitt første 'utvalde kulturlandskap', etter at tre forslag som også omfatta Havrå på Osterøy og Berge på Bømlo, vart fremja av Hordaland fylke<sup>6</sup>.

